



Åstveit svømmeklubb
Postboks 62
5872 BERGEN

ArkivsakID/ JplID: **15/1805** 15/16865

Dato:
10.09.2015

Avtale leie av symjeinstruktør haust 2015 og vår 2016

Partane

Denne avtala vert inngådd mellom Åstveit svømmeklubb og Meland kommune (ved Reidun E. Johannessen, reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no mobil: 414 00 277 Kontor: 56 17 10 71).

Omfang/endringar

Åstveit svømmeklubb tek på seg oppdraget med å bistå Meland kommune med symjeinstruktørar. Det gjeld symjekurs kommunen skal arrangere for nyankomne flyktningar. Oppdraget gjeld for to kurs, eit for damer og eit for menn.

Kurset for damer gjeld følgjande veker:

Uke 45 - 7 nov, Uke 47 - 21 nov, Uke 49 – 5 Des, Uke 51 – 19 des., Uke 1 – 9 jan.

Kurset for menn gjeld følgjande veker:

Uke 3 – 23 jan, Uke 5 – 6 feb, Uke 7 – 20 feb, Uke 9 – 5 mars, Uke 11 – 19 mars

Tidsplanen:

11.30 - 11.45: garderobe

11.45 – 12.30: 1.time symjeoplæring med instruktørar

12.30 – 12.45: Pause

12.45 – 13.30: 2. time symjeoplæring med instruktørar

13.30 – 14.00: garderobe:

Stad: Kurset haldast på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug.

Åstveit svømmeklubb ordnar med vikar ved sjukdom.

Oppdraget skal avsluttast

Oppdraget avsluttast når begge kursrekkene er gjennomført. Når det er ønskeleg eller naudsynt å gjera endringar i oppdraget av ein slik art at dei ikkje vert dekt av allereie inngåtte avtale, må ein inngå ei ny skriftleg avtale.

Pris/*fakturering

Pris for oppdraget vert avtalt til 20 000,- for 10 gonger inkludert lønn og reise. Fakturering vert gjort etter kvar avslutta kurs (etter 9. januar for kurs 1 og etter 19. mars for kurs 2). Betalingsfrist 14 dagar etter at oppdragsgivar har motteke faktura. Ved betaling etter forfall bereknast forseinkingsrente.

Denne avtala finst i 2 eksemplar; eit til kvar av partane

Reidun E. Johannessen, Skulefagleg rådgjevar
Meland kommune
Org. nr. 951 549 770

Linda T Farestvedt
Åstveit svømmeklubb
Org.nr. 974 254 158